



# GLOPPEN KOMMUNE

## SENTRALADMINISTRASJONEN

Det Kongelege Landbruks- og matdepartement  
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
06 / 143	127
15 MAI 2006 MP/SØJ	
MBB	FLB

**Vår ref.**  
04/1974-16// V50 /JOVI


**Dykkar ref.**

**Dato:**  
09.05.2006

### UTTALE TIL FORSLAG TIL ENDRING AV LOV OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

Teknisk, landbruk og kulturutvalet har på vegne av Gloppen kommune uttalt seg til forslaget.  
Uttalen fylgjer vedlagt.

Med helsing

  
Jon Egil Vik  
landbrukssjef  
tlf. 57 88 38 31

Vedlegg: Kopi av TLK-sak 024/06.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Teknisk, landbruk og kulturutvalet	03.05.2006	024/06

Avgjerd av: Teknisk, landbruk og kulturutvalet Saksbehandlar: Jon Egil Vik	Objekt: Arkiv: V50	Arkivsaknr.: 04/1974-15
---	-----------------------	----------------------------

## UTTALE TIL FORSLAG TIL ENDRING AV LOV OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
13	I	15.02.2006	Det Kongelige Landbruks- og Matdepartement	Høyring om forslag til endring av lov av 15. juni 2001 nr 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell
14	U	07.04.2006	Veterinær Edvin Bolstad; Veterinær Leif Rune Hage; Veterinær Marianne Tønseth	Invitasjon til møte

### Saksvedlegg:

Ingen.

### Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet(LMD) planlegg etablering av kommunalt ansvar for å sørge for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell, samstundes som kommunane også får ansvar for klinisk veterinærvakt. I dag er dette eit statleg ansvar. Denne saka gjeld uttale til forslaget om kommunalt ansvar for veterinærtjenester. Høyringsfrist 15. mai 2006.

### Saksutgreiing:

Nedanfor tek eg med eit utdrag frå LMD sitt høyringsforslag:

*Det økonomiske grunnlaget for klinisk veterinærtjeneste er svekka i deler av Norge. Med klinisk veterinærtjeneste forstås tjenesteyting fra selvstendig næringsdrivende veterinær til dyreeiere.*

*Det svekkede økonomiske grunnlaget for slike tjenester skyldes blant annet strukturendringer og økonomiske forhold i landbruket, samt forbedringer i den norske dyrehelsen med påfølgende redusert antall veterinærbehandlinger. Bortfall av distriktsveterinærordningen og reduksjon av frivillige kommunale ordninger som ansettelser, driftstilskudd, kontortilskudd og reisestøtte, er også viktig i denne sammenhengen. Samtidig har utviklingen i akvakulturnæringen og smådyrholdet økt behovet for private veterinærtjenester innen disse fagfeltene.*

*Svekket økonomisk grunnlag for klinisk veterinærtjeneste gjør det mindre attraktivt for veterinærer å etablere seg i flere distrikter. Dette kan føre til mindre fokus på forebyggende helsearbeid og dårligere beredskap mot alvorlige smittsomme dyresykdommer. Manglende tilgang på kliniske veterinærtjenester kan i neste omgang gi svekket grunnlag for husdyrhold.*

LMD sette ned eit utval for å sjå nærmare på desse utfordringane. I konklusjonen og tilrådinga frå utvalet blei det m.a. uttrykt fylgjande:

*Utvalget mener at de utfordringer en står overfor med hensyn til å få en tilfredsstillende veterinærdekning i alle deler av landet best kan løses ved at tilgang på kliniske veterinærtjenester gjøres til et kommunalt ansvar. Utvalget tilrår derfor at kommunene gis ansvar for at det finnes en tilfredsstillende veterinærdekning. Utvalget mener det i denne sammenheng vil være nødvendig at også det statlige ansvaret for den kliniske veterinærvakten legges til kommunal sektor.*

LMD sitt forslag omfattar ikkje akvakulturdyr i industrielt oppdrett.

Som nemnt er det staten som i dag har det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkande dyrehelseteneste. I praksis har staten fylgt opp dette ansvaret ved å organisere klinisk veterinærvakt i alle delar av landet. Staten har forhelde seg til veterinærane som sjølvstendig næringsdrivande, og gjeve eit driftstilskot til dei som går inn i vaktordningane. For 2006 er det i statsbudsjettet sett av nær 80 millionar kroner til veterinære vaktordningar.

Til slutt heiter det i LMD sitt høyringsforslag:

*Regjeringen har en ambisjon om at alle nye oppgaver som pålegges kommunal sektor skal være fullfinansiert. Landbruks- og matdepartementet tar sikte på at både midlene til klinisk veterinærvakt(kapittel 1115 post 70) og midler knyttet til det nye ansvaret for tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell kan innlemmes i rammetilskuddet til kommunene, evt. etter øremerking av tilskuddet i en overgangsperiode. De økonomiske sidene av ansvarsreformen vil bli nærmere omtalt i kommuneproposisjonen som legges fram våren 2006. Departementet vil i samarbeid med KS beregne de administrative og økonomiske konsekvenser for kommunene, men ser gjerne at høringsinstansene kommenterer disse forholdene spesielt.*

### **Rådmannen si vurdering:**

Rådmannen meiner at staten framleis må ha det overordna ansvaret for dyrevelferd og trygg mat. Av LMD si utgreiing, går det fram at det av ulike grunnar vil bli stadig vanskelegare å rekruttere veterinær kompetanse i mange distriktskommunar. I ein slik situasjon å overlata ansvaret for veterinærtenestene til kommunane, som allereie slit økonomisk, kan fort ende opp med utilfredsstillande løysingar på dette viktige området. Rett nok seier LMD at dei tek sikte på å fullfinansiere denne ansvarsreformen. Våre erfaringar med tidlegare ansvarsreformer er imidlertid at den statlege finansieringa ikkje fylgjer med kostnadene som oppstår. I tillegg vil det medføre eit administrativt meirarbeid, i ei tid då kommunane av økonomiske årsaker må skjere ned på bemanninga.

Vidare meiner rådmannen at det er uheldig å skiple dei etablerte og funksjonelle kommando-, kompetanse- og rapporteringlinene frå LMD, via Mattilsynet og til dei praktiserande veterinærane og brukarane. Eg meiner at det er ved å halde på og vidareutvikle dette regimet, med klare ansvarliner, at dyrevelferden i landet best blir tatt i vare, og dermed sikre legitimiteten, både nasjonalt og internasjonalt, av norsk matproduksjon basert på husdyrhald.

Min klare konklusjon er at staten framleis må ha det overordna ansvaret for veterinærtenestene i Norge.

I møte med veterinærane i kommunen, kom det klart fram at dette også er deira konklusjon.

### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Teknisk, landbruk og kulturutvalet sluttar seg til rådmannen si vurdering.

## **03.05.2006 TEKNISK, LANDBRUK OG KULTURUTVALET**

### **024/06 VEDTAK:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.